


# STADANALYSE LEIKANGER 2050

Utviklinga av tettstadar i dag skjer i hovudsak ved at det utviklast nye delar/endingar i dei allereie eksisterande strukturane. Ei slik utvikling føreset ei forståing av kva for moglegheitsrom og føresetnader som allereie ligg i den eksisterande tettstaden. For å kunne seie noko om moglegheitene for den vidare utviklinga av tettstaden må ein derfor sjå på kva som allereie er her i dag. Den fyrste delen av moglegheitsstudia er derfor ein stadanalyse av Leikanger i dag.





# I: ANALYSEOMRÅDE



Studieområdet for moglegheitsstudie er Leikanger tettstad (Leikanger og Hermansverk), i Songdal kommune. Songdal kommune ligg i Vestland fylke, sør for Jostedalsbreen og mellom E39 og E16.

Leikanger var tidlegare ein eigen kommune i Sogn og Fjordane. Kommunen vart slått saman med Songdal og Balestrand 1. januar 2020, samstundes blei Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland til Vestland fylke.



Leikanger ligg ved fjorden om lag halvvegs inn i Sognefjorden, i ei lun, sørvendt vik, der fjorden er på det breiaste. Tettstaden er delt i to: Leikanger og Hermansverk. I det vidare arbeidet brukar vi namnet Leikanger for heile tettstaden. Analysen sitt fokusområde er området mellom dei to delane og bustadområda i bakkant.

## II: OVERORDNA FØRINGAR

Sogndal kommune har nyleg vedteke samfunnsdelen til kommunepleanen. Samfunnsplanen set dei overordna måla og rammene for stadutviklinga.

Kommunen sin visjon er «*Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn*»

Livskvalitet fordi me vil at innbyggjarane skal kunne leva det gode liv i kommunen vår. Utviklingskraft fordi me vil vera ein kommune som skapar vår eiga utvikling, og Sogn fordi Sogndal ønskjer å bidra til ei utvikling som er større enn oss sjølve.

Sogndal kommune har valt tre mål som skildrar samfunnet slik ein ønskjer seg i 2050: livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit. Dei tre måla heng saman og skal ligge til grunn for det som blir gjort i kommunen.

**Livskvalitet:** Å ha livskvalitet som samfunns mål krev at me leverer likeverdige tenester til alle innbyggjarar der folk bur. Trivsel vert skapt der ein bur, og Sogndal skal jobbe for at alle lokalsamfunna gjev rammer for god livskvalitet

**Skaparkraft:** Innbyggjarane, næringslivet, frivilligheita og dei andre skapande kreftene i kommunen er den viktigaste drivkrafta for ei aktiv nærings- og samfunnsutvikling. Sogndal kommune skal gje gode krefter dei beste rammene for å realisere ei god arbeidsplassutvikling, folketalsutvikling og skaparkraft i heile kommunen.

**Miljømedvit:** Sogndal kommune skal vere ein miljømedviten kommune med klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutsleppa våre, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk

For å nå disse måla har kommunen utarbeida fem satsingsområde for utviklinga av kommunen: best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansmiljø i eliteserien, fruktbare tettstader og utviklingslokomotivet i Sogn. Satsingsområde fruktbare tettstader legg direkte føringar for korleis tettstadane i kommunen skal utvikle seg, men alle dei fem satsingsområda er viktig når det kjem til stadutvikling i kommunen.

Når det gjeld fruktbare tettstader ønskjer kommunen å oppnå:


1. Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel
2. Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemdene
3. Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk
4. Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk
5. Tilpassingsdyktige tettstader som driv systematisk, kunnskapsbasert førebygging
6. Helsefremjande tettstader som gir betre psykisk og fysisk helse

### Utfordrarbygda

Kommunen posisjonerer seg som utfordrarbygda og er kjenneteikna som veslebroren med dei store ambisjonane. Kommunen ønskjer å sette ambisiøse mål for seg sjølv og gjere ting som ikkje er forventa av ein liten kommune.



### III: HISTORISK UTVIKLING OG KULTURMINNE



Leikanger er ein gamal stad og spor frå tidlegare tider er framleis synlege. Godt klima og gode jordbruksområde var viktige føresetnadar for dei fyrste menneska som busette seg her i yngre steinalder, for meir enn 4000 år sidan. Den aller største gruppa med kulturminne i bygda kan tidfestast til jernalderen, perioden frå 500 f. Kr til 1000 e.Kr. Frå mellomalderen og seinare tid var fleire av gardane i bygda mellom dei største gardane i distriktet, og jamvel på heile Vestlandet.

Namnet Leikanger vart i den eldste tida nytta om ein samlingsstad, Leikvangen, midt i bygda, der det på 1200-talet vart reist ei kyrkje. Etter reformasjonen vart namnet knytt til eit nytt og større prestegjeld. Då kommunane vart oppretta i 1837, gjekk namnet over til å bli kommunenamnet. Det eldste namnet på bygda er derimot Systrond, eller Syrstrond, (postnummer 6863)

- omsynssone kulturmiljø-/landskap
- Freda kulturminne
- Kulturminne punkt


Systromd har to historiske sentrum, Leikanger også kalla Hanehaug og Hermansverk. Leikanger med kaiområdet Hanehaug var det opphavlege sentrum. Seinare har Hermansverk utvikla seg til det som i dag er sentrum i tettstaden.

Leikanger og Hermansverk var jamstilte med omsyn til storleik og utvikling på 1800-tallet. Gjestgjevarstad, handel og kaianlegg vart etablert begge stadar. Ferdslen gjekk føre seg langs fjorden. Vegen frå Hermansverk til Sogndal blei opna så seint som i 1936. Statsinstitusjonane låg på rekke og rad langs fjorden mellom Hanehaug og Hermansverk.

Hermansverk har i dag overteke det meste av handel og andre viktige fellesfunksjonar. Hermansverk - «Herman sitt verk» - fekk rundt 1844 namn etter kjøpmann Herman Brun som då hadde skapt aktivitet i området.

På Hermansverk voks det frå tidleg på 1900-talet fram allsidig industriverksemd: sagbruk, sardinfabrikk, Drægner sin syltetøy- og saftfabrikk, trevare- og møbelfabrikk og ullvarefabrikken Sygna 1 km oppover Henjaelva. Den gamle møbelfabrikken i Riverdalen, på austsida av Henjaelva, står i stor grad uendra frå 1920-talet. Fabrikkene og småhusa i området syner Hermansverk si historie som tettstad.

Statsinstitusjonane vart flytt frå området ved kyrkja til Hermansverk og etter kvart vart handelsverksemda på Hanehaug nedlagt. Dette førte til vekst på Hermansverk på kostnad av Leikanger. Kaianlegget på Hermansverk vart nedlagt og kommunen bygde ny kai på Hanehaug. Ferdsla gjekk over til biltrafikk langs riksvegen og førte til lite trafikk på fjorden. Rutebåtar har framleis anløp på Hanehaug. Tidlegare Leikanger kommune satsa på å utvikle Hermansverk som sentrumsområde i Leikanger, med Saften og sentrumsplassen som dei viktigaste elementa. Her finn vi i dag også dei fleste offentlege arbeidsplassane i tettstaden.



## ADMINISTRASJONSSTAD

Dei offentlege administrasjonane med alle sine tilsette har gjeve Leikanger ei spesiell rolle i Sogn og Fjordane fylke si historie. Sogn og Fjordane, seinare Vestland, er det einaste fylket i landet der sentraladministrasjonen er lokalisert til ei mindre bygd.

Leikanger har vore ein historisk administrasjonsstad, allereie i 1850 slo sorenskrivaren seg ned her. Sorenskrivaren for Ytre Sogn heldt til i Leikanger fram til 1971 då embetet vart flytt til Høyanger. Bak sorenskrivargarden står Skrivareiki, Futæiki, Hallandseiki eller berre Eiki, treet som er det store landemerket på Systrond. Eiki kan vera ein stad mellom 200 og 400 år.

I 1862 kom amtmannen, seinare kalla fylkesmannen og statsforvalteren, til bygda. Han hadde kontor i eit eige hus på fylkesmannsgarden, det første «Tinghuset». Huset er i dag restaurert som museum, kalla Amtskontoret. Snart etter kom amtsingeniøren, den seinare vegsjefen. Frå midten av 1930-talet kom så ei rekke andre statlege etatar, mellom anna skatteinspektøren, skattefuten, fylkesrevisor og bilsakkunnige.

Langs fjorden på Systrond, med tettstadane Leikanger/Hanehaug og Hermansverk, ligg embetsmannsbustadane til fylkesmannen, politimestaren, sorenskrivaren og presten. Litt opp frå fjorden ligg vegsjefen sin tidlegare embetsbustad. Embetsmennene busette seg på Leikanger utetter på 1800-talet. I dag held mellom anna Statsforvaltaren, fylkeskommunen i Vestland, Statens vegvesen, Skatteetaten og Digitaliseringsdirektoratet til i bygda.

Kulturminna knytt til eldre og yngre offentlege bygningar (statsinstitusjonar) er eit særtrekk ved Leikanger. Leikanger er i ein spesiell situasjon med alle dei offentlege institusjonane. Det er difor kulturhistorisk viktig å ta vare på kulturminna knytt til Leikanger som administrasjonssenter i fylket.



## FRUKTBYGDA

Fruktdyrking har vore ei stor næring i Leikanger. Leikanger er den fremste fruktbygda i Sogn med stort fruktlager og forskingsstasjon for frukt og bær.

Epledyrkinga var i mange hundre år gjort for eige hushald på garden, i siste halvdel av 1700-talet finn ein opplysningar om at frukt frå Sogn i noko omfang vart selt til Bergen. Den første som planta ein større frukthage i Leikanger var prost Niels Normann som var prest frå 1816 til 1822. Frå byrjinga av 1800-talet er det tydeleg at fruktdyrkinga i Leikanger tok seg sterkt opp. Frå 1870-talet vart fruktdyrking hovudinntekta på mange gardsbruk i midtre og indre Sogn.

«Det som ikkje veks i Leikanger, veks ikkje i Noreg», vert det sagt. Med ein middeltemperatur på minus 0,8 grader Celsius i januar, pluss 14,8 grader Celsius i juli og årsmiddel på 994 mm nedbør, har Leikanger eit ypparleg klima for varmekjære planter.

I dag er Leikanger Sogn sin fremste frukt- og bærbygd og fruktgarane ligg framleis i skrålia oppover frå Sognefjorden.





## IV: TOPOGRAFI, NATUR OG LANDSKAP

Leikanger ligg innover Sognefjorden, i ei sørvendt vik. Området er eit særpre- ga fjordlandskap og frå fjorden skrånar terrenget bratt oppover mot høgare fjell. Terrenget er noko flatare langs elveløpet til Henjaelvi inst i vika og nedst ved fjorden.

Leikanger er ei bygd prega av kulturpåvirka landskap, med oppdyrka lisider og med gardsbebyggelse konsentrert i rekketun og klyngetun. Landbruket, spesi- elt i form av fruktdyrking, var og er ein viktig del av utviklinga til staden. Leikan- ger har store areal som er vurdert som kjerneområde for matproduksjon og kulturlandskap i fylket. Dette er områder det er viktig å ta vare på. I dei brattas- te områda midt i bygda, frå Sognefjordvegen og oppover, har kulturlandska- pet grodd att då bratt terreng har gjort det vanskeleg for moderne drift.

Leikanger har også mange områder som er definert som viktige naturtypar med høg verdi.





## V: FRILUFTSLIV

Tettstaden ligg tett på både fjord og fjell, det er korte avstandar for å koma seg ut i naturen.

Friluftsliv er ein viktig del av kvardagslivet til folka i Leikanger. Leikanger er omringa av frilufts- og turområde og har flotte naturopplevingar både nær sentrum og i fjellområda rundt. I fjella rundt er det store turmoglegheiter i høgrest fjordlandskap med god utsikt ut mot Sognefjorden. I Leikanger er det også sentrumsnære turmoglegheiter.

Til saman gjev friluftsområda moglegheiter for korte, lange, enkle og meir utfordrande fotturar og skiturar. Dette gjev fleire høve til å få flotte naturopplevingar tilpassa eige behov. Dette er ein viktig kvalitet for folkehelsa og trivselen til innbyggjarane i Leikanger.

### STRANDSONA

Ein av Leikanger sine største kvalitetar er nærleiken til fjorden. Frå store delar av tettstaden har ein utsikt ut mot Sognefjorden. Det er i dag likevel svært få mogelegheiter for å komme ned til og nytte sjøen på ein god måte. Ved Nybøstrandi og ungdomsskulen er det opparbeidd friområde med moglegheit for bading og ved Nokkaneset er det mogeleg for å koma ned til sjøen, utover dette er store deler av strandlina privatisert eller ikkje tilgjengeleg. Lange strekingar langs tettstaden er plastra mot fjorden og gjer tilkomsten til vatnet vanskeleg.



Båthamna er ein viktig stad for Leikanger, og eit utgangspunkt for friluftsliv på og langs fjorden



## VI: MÅLPUNKT




«Stedene folk flest oppsøker i hverdagen, kaller vi målpunkt, slik som skolen og butikken. Noen steder oppsøker man fordi de har spesielle attraksjoner man ønsker å besøke, som kafeen, biblioteket, aktivitetsanlegget osv.» (KMD, 2017).

Leikanger er i dag opparbeidd slik at ein kan dele bygda inn i 3 hovudkategoriar for målpunkt:


- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Skule, barnehage, idrett, sjukeheim

Dei viktigaste målpunkta i Leikanger ligg i hovudsak i Hermansverk sentrum og langs Sognefjordvegen. Leikanger husar fleire offentlege administrasjonar, med mange arbeidsplassar, desse er viktige målpunkt i tettstaden. Barneskulen og ungdomskulen er begge viktige målpunkt som ligg eit stykke unna Hermansverk og funksjonane her.

Sjølv om Hermansverk vert rekna som eit sentrum er det få sentrumsfunksjonar her i dag. Det er lite stadar å opphalde seg i sentrum og det manglar møteplassar, særleg for unge. Det er også svært få verksemder som vender seg ut mot gateplan og lite liv i sentrum i dag. Dei fleste sentrumsfunksjonane er inne i kjøpesenteret og det er derfor lite som innbyr til utandørs aktivitet i sentrum.



## VII: MOBILITET



Gonge

Leikanger er ein stadvis spedbygd tettstad, men store deler av bustadene i tettstaden ligg innanfor ein radius på 2,5 km frå torget på Hermansverk. Det bratte terrenget gjer det samstundes utfordrande og tidkrevjande å gå og sykle oppover i bygda, mot bustadfeltet. Langs fjorden er det derimot flatt og lett å gå og sykle.

### KOLLEKTIVT

Det går ingen busser i bustadfeltet i Leikanger, bussen går langs riksvegen. Haldeplassane ligg tett på viktige målpunkt langs hovudvegen. Det stopper to bussar i Leikanger: buss 131 mellom Hella Vik/Leikanger kai og Sogndal og 516 Balestrand Førde/Balestrand Vadheim til Sogndal. Bussane går eit par gonger i døgnet, med ujamn tidsintervall. Mellom Sogndal og Leikanger er det ca. 20 min med buss. I tillegg går det skulebussar til vidaregåande skule i Sogndal.

Frå Leikanger kai stopper det to båruter: Sogndal - Selje og Sogndal - Bergen. Rutene går ein gong i døgnet kvar veg (to gangar i døgnet om sommaren): ut fjorden på morgonen og inn fjorden på kvelden. Turen til Bergen tar 4 timar og 20 min, turen til Selje tar 5 timar og 35 min.


### VEGNETTET

Vegnettet sin hovedstruktur forhald seg til fjorden og daldragene. Riksveg 13, Sognefjordvegen, går gjennom Leikanger og er hovudtransportåra til og frå bygda. Veggen bind Leikanger saman med resten av kommunen. RV13 følger fjorden og fungerer som ei fysiske sperre som reduserar kontakten med sjøen.


Vegane fram til gardar/greider og bustadfelt svingar seg oppover dei bratte lisdene. Dei er i hovudsak tronge og bratte. Det er to hovudavkjørsler opp bustadfeltet, Njøsvegen og Leitevegen/Hallandsvegen.

Ei analyse av ÅDTen viser at det er mykje lokaltrafikk i bygda. Dette gjeld spesielt på strekninga gjennom Hermansverk sentrum og vidare mot ungdomskulen, mellom dei to avkjørslane til bustadfeltet.

Det er få strekningar i tettstaden som er tilrettelagt for gåande og syklende. Det er opparbeidd gang- og sykkelveg langs Sognefjordvegen frå Kløvi til Leikanger kai. I tillegg er det gang-/sykkelveg frå ungdomshuset til sjukeheimen på Ohnstadhaugen. Utover dette må gåande og syklende bruke vegbanen.




Sykkel



Vegstrukturen er generelt dårleg og det manglar gode koplingar med gang-/sykkelveg /fortau opp i bygda frå Sognefjordvegen til bustadfeltet, skulen/idrettanlegg, Kleppa og andre utfartsområde. Mykje trafikk oppover i bygda går i dag gjennom buområde med smale vegar.

## VIII: BUSTADSTRUKTUR/MORFOLOGI




Bustadstrukturen i Leikanger er påverka av strukturane på staden: terrenget, kulturminne, kulturlandskap og jordbruksområde. Dette innskrenkar mogelegheitene for kvar ein kan bygge bustader. Bustadfelt ligg i hovudsak der terrenget er litt flatare, i overkanten av dyrkamarka og langs Elvedalane. Det ligg også fleire bustader og bustadfelt oppover i det bratte terrenget. Fleire av bustadfelt ligg høgt i terrenget med god utsikt over Sognefjorden.

I dag bur størsteparten av innbyggjarane i einebustad og dette er den desidert største bustadtypen i kommunen. Det er svært få rekkehus og leilegheiter.

I dag er det få bustader tilgjengeleg på markanden og lite sirkulasjon i bustadmassen. Dette gjer det utfordrande for potensielle tilflyttarar å busette seg her.

Kommunen har gjennomført ei bukartlegging for dei mellom 60-75 år. I denne kjem det frem at dei fleste bur i einebustad i dag og at dersom dei skal flytte er praktisk leilegheit (alt på eit plan, heis, vedlikehaldsfritt) og nærleik til sentrum/helsetenester viktig.



## IX: BEFOLKNING

Befolkninga i Leikanger fordeler seg på denne måten:

- 2247 innbyggjarar
- 428 er over 60 år
- 516 er under 18 år
- Det er forventa ein svak auke i befolkninga fram mot 2050

### BARN OG UNGE

I dag er det eit stabilt elevtal i Leikanger, med god skulekapasitet i skulane. I skulebehovsplanen, som er på høyring, seies at Leikanger ungdomsskule manglar godt tilrettelagt uteareal og eit felles samlingsrom og at gym-og symjehallsbygget vert vurdert som rive-og saneringsverdig. Delar av Leikanger barneskule framstår som utdatert, slitt og er over sin antatt levetid. I skulebehovsplanen er det foreslått å etablere ein felles kombinert 1-10 skule på barneskuletomta.

Det er i dag tre barnehagar i Leikanger, spreidd over heile tettstaden. Det er foreslått å bygge ein ny samla barnehage.

### PENDLING

Leikanger har eit stort overskot av pendlarar inn til dei store offentlege arbeidsplassane. I 2017 var det 872 arbeidstakarar som pendla inn til Leikanger og 390 ut, ein differanse på 482. Desse pendlarane representerer ein stor moglegheit for å skaffe nye innbyggjarar til tettstaden. Kartlegging i samband med kommuneplanen for gamle Leikanger 2016-2026 viste at mange har vurdert og ser på Leikanger som ein aktuell bukommune, og at mangel på attraktive einebustadtomter dei seinare åra, har vore ein hemmar for auka busetting.



## X: OPPSUMMERING

Det er mange omsyn å ta når det gjeld den videre utviklinga av Leikanger.

Staden har ei rik historie med kulturlandskapet og det kulturhistoriske jordbrukslandskapet, med gardsbusetnaden i rekketun og klyngetun, i dei bratte liene med frukttre og beitemark for sau.

I tillegg til store jordbrukverdier, har Leikanger store naturverdier og friluftsverdier i bygda som det er viktig å ivareta. Det bratte terrenget gjer det tidvis utfordrande å utvikle staden. Vegane er bratte, smale og vegstandarden er generelt låg.

Leikanger er i ein spesiell situasjon med alle dei offentlege institusjonane med offentlege arbeidsplassar. Leikanger har vore administrasjonsstad heilt sidan 1850 då sorenskrivaren slo seg ned i Leikanger. Det er kulturhistorisk viktig å ta vare på kulturminna knytt til Leikanger som administrasjonssenter i fylket.

Leikanger har eit stort overskot av pendlarar inn til både dei store offentlege arbeidsplassane og til dei private verksemdene. Bustadtilbodet for potensielle innflyttarar /etablerarar ser vi er einsidig, i hovudsak einebustader. Det er relativt få gjennomgangsbustader, ledige tomter og leiligheter.

Sjølv om tettstaden ligg tett på fjorden er det i dag få kontaktpunkt/moglegheiter for å koma ned til vassflata. Strandsona er i stor grad privatisert eller ikkje tilgjengeleg /plastra.

Hermansverk sentrum manglar i dag sentrumsfunksjonar, urbane kvalitetar, aktive fasadar og møteplassar for å vere ein stad folk ynskjer å opphalde seg.

### TRANSFORMASJONSOMRÅDE

Basert på stadanalysa har vi funne fleire områder i Leikanger/Systrond som kan vera modne for transformasjon.

